

Borghild Lien (f. 1917) fortel om oppveksten sin.
Intervjuarar: Ada Haugen og Tor Wold. Juli 2008.

Far var fiskeoppkjøpar, han hadde mellom anna kontrakt med Bjellands hermetikk-fabrikk i Stavanger. Han kjøpte opp brisling som sto i steng, og frakta det med eigen motorkuttar til sardinfabrikkar, i Stavanger og i Eikelandsosen. Han var og kompanjong med Sildatveiten, (Edvard Tveit, frå Fusa). Denne karen var stor fiskehandlar i Bergen. Han var gift med søstera til mor, Dina Ovidia f 1886.) Dei hadde bustad i Bergen, og hus i Homefjord. Dei kom ofte og var hos oss på Haga om somrane.

Eg vaks opp der, på Haga, då far min hadde kjøpt garden, br.nr 11 etter at Ludvig Haga måtte selja han. Ludvig sette opp ei stove i øvste delen av egedomen, om lag der arbeidskyrkja står i dag. Han hadde ei tid posten, der i huset. Far var Nils Hanson Røen frå Olderbakken, og mor var Berta (Bertina) Samuelsdatter Gjerde f 1883. Dei vart gift i 1901.

På biletet av Haga som Jacob Deby har teke om lag 1900 ser ein brygga, sjøhuset og bua på brygga. Ein ser og eit uthus som eg ikkje kan hugsa. Bolighuset må vere det gamle huset som vart rive før far bygde nytt hus. Det nye huset var ferdig til eg vart fødd, eg er den første av ungane som vart fødd i nyehuset, så dei flytta inn der i 1917, det året eg vart fødd. På måleriet som Lars Sjursen har måla ser ein det nye huset. På begge bileta ser ein løy som står lengst mot aust i jordet mot stigninga opp mot Hagabakkane. Over nausta i Hagadalen ser ein på måleriet hesjer. Vi slo bøane og selde høyet. Me hadde ikkje dyr utanom eit par geiter, kan eg hugsa. Det var nett så me hadde til mjølk i kaffien. Frå hesjene bar dei høyet i høybør, det var bratt opp frå sjøen.

Far var mykje vekke med båten, og etter som gutane vaks til vart dei med han. Me hadde butikk i kjellaren på bolighuset. Det var kolonialvarer, sirup, sukker, mjøl, kaffe, tobakk, og mykje anna som folk trong. Garn og stoff hadde me ikkje, då måtte ein til byen eller til fabrikk på Tysse eller i Arna. Og så hadde me reiskap som folk trong til gardsdrifta. Det var hejsestreng, river spader og alt anna som dei trong. Me dreiv ikkje bakeri, men far til Mons Lauvskard kom frå Lauvskard og bygde bakeriet som mons seinare dreiv. Men selde også brød, men det var kjøpebrød frå byen, som kom med båten. Mange kom og ville ha kjøpebrød og me hadde også kaker og wienerbrød frå byen.

Eg hugser far skaffa klippfisk, og tønner med kryddersild og "Ekte islandsk lam" som var salta i tønner. Far handla også med sild, og eg hugsar han selde fisk både til austlandet og til Danmark. Han selde fisk under krigen også. Det var ikkje lov. Men han tok sjansen. Ein gong kom det kontroll, då var det folk frå bygda som hadde varsla. Men han fekk veta om det og rakk å gøyma papirena. Så dei fann ikkje noko.

Det var mor og dei gutane som var for små til å vera med far, som dreiv butikken. Og vi jentene. Det var anløp med rutebåten 2 gongar i veka. Ofte hadde dei mykje varer, og kom seint fram. Då gjaldt det å få varene fort i land og i hus. Vi hadde jo lagerhus på kaien. Eg hugsar ein gong det kom mange sekker med gjødsel og mor og eg måtte køyre dei med trillebår. Det var tungt arbeid.

Då eg var 12 år, måtte eg ein gong ta imot båten åleine. Dei kasta i land ein tung wire, og eg måtte få han over den store steinen som stikk opp midt i brygga. Og så var det eit anna festepunkt lengre bort. Eg hugsar dei rosa meg for godt arbeid.

I sjøhuset hadde dei ein heis i 2 etasje mot sjøen. Der heiste dei opp varer frå sjøen som dei rodde bort. Det var for grunt der til at båten kunne leggja til rett under. Men dette var før mi tid.

Det var mange som ikkje kunne gjera opp for seg. Eg hugsar far hadde ei tjukk bok der han skreiv ned det folk handla på kreditt. Når kreditten til slutt var oppbrukt, før dei til Tysse for å handla.

I ungdomsåra var vi på dans kvar laurdagskveld. Det veksla mellom dei forskjellige ungdomshusa, Tysse, Nordbygda, og Tveit. Men gikk til og frå. Noen gongar ver me heldiga og fekk sitja på med noen. Det var jo nokre drosjar.

Når vi skulle ha finklede fekk med dei sydd hos ei sydame. Barbro Langeland var flink. Ho sydde konfirmasjonsklede mine også. Eg kledde ikkje sort, men til konfirmasjonen skulle det vera svarte klede. Eg hadde nettopp hatt meslingar, og etter dette mista eg mykje av håret. Det framme var nesten heilt vekke, så eg måte greie framover hår frå bakpå hovudet. Eg vart konfirmert, men eg trur ikkje eg har noko bilete av det.

Også når me skulle til konfirmasjonsundervisninga gjekk me. Det var berre når me skulle besøka besteforeldra mine på Olderbakken og far var med at me rodde.

Matstell: Me bakte brød til eige bruk i en god vedovn som me hadde. Me fyrte med ruskaved. Så me hadde ikkje bjørkeved som måtte til når ein skulle laga lut til lutefisken. Då gjekk me og fekk oske av bjørkeved hos Gitte Steinsland som fyrte i Steinslandsskulen. Der hadde dei bjørkeved. (Gitte Steinsland var mor til Bernt, Einar og Johan Steinsland.)

Ellers kom det bakstekoner og lagde flatbrød i store hauger så me hadde lenge.

Julafto hadde men akka-lutafisk, ekte bondesmør og lefser. Dei andre juledagane hadde me vel steik av svin.

Svigerforeldra mine var Jacob Lien som var skreddar på Tysse. Han dreiv skreddarverkstad i kjellaren i huset rett ovanfor skulehuset der dei budde. Han var flink, han sydde mellom anna bryllupsdressen til mannen min. Kona hans var Kaia Lien frå Ålesund. Far hennar var fyrvoktar påfyr. Ho var ttidleg enkje. Ho var ei dugande kokke og livnærte seg mellom anna ved å koka for folk i bryllaup og selskap.

Ho og mannen stifta Losje Morgenrød.